

Foreldreaktiv tilvenning i Bergetippen barnehage -Trygg tilknytning-

I *Rammeplan for barnehagen* står det følgjande om når barn begynner i barnehage:

“Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhøyrse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.”

(Rammeplan, s.33)

For å oppnå dette som står i rammeplanen bruker vi ulike pedagogiske verktøy:

- *Foreldreaktiv tilvenning*: for å leggje til rette for ein trygg og god start
- *Tryggleikssirkelen*: for å etablere relasjonar
- *Tilknytingsperson*: for å etablere relasjonar og knyte seg til personalet

Vi har *Foreldreaktiv tilvenning* basert på «Jåttåmodellen». Modellen er inspirert av nyare teori og erfaringar frå mange år med oppstart i ulike barnehagar. Den vektlegg kor viktig dei føresette er for barnet når barnet begynner i barnehage.

Tilknytning

Tilknytning er ein prosess som resulterer i eit band mellom barnet og omsorgspersonen. Tilknytning er nødvendig for å sikre eigen tryggleik og overleving. Dei fleste barn har utvikla ei trygg tilknytning til ein eller to omsorgspersonar når dei begynner i barnehagen. Viktige kjenneteikn på trygg tilknytning er omsorgspersonen si evne til å roe ned og trøyste barnet, og barnet si eiga evne til å ta imot trøyst, bli roleg og bruke tida si på leik og utforsking.

For at barna skal få ei god tilknytningstid i barnehagen er det viktig og sette av god tid. For barn under 3 anbefaler vi å sette av fem dagar til oppstarten. For barn over 3 år varierer det, vi ser an barna sitt behov og avtaler med foreldre når vi ser korleis det går. I utgangspunktet tenkjer vi 9-14, men viser barnet teikn til at det er sliten anbefaler vi at stunda i barnehagen blir avslutta. Prøv å få til at barnet forlet barnehagen med ein positiv følelse.

Kor lang tid barnet treng for å bli trygg avhenger av barnet sin personlighet, alder og tidlegare erfaringar, samt korleis det blir møtt av personalet i barnehagen. Alle barn treng i denne perioden ofte mykje vaksenkontakt, og vil få ein tilknytingsperson i barnehagen, det vil sei ein vaksen som har spesielt ansvar for barnet og kontakten med foreldra.

Ingen barn/foreldre er like og derfor er det umogleg å gi råd som passar for alle, men vi ønskjer at alle barn og foreldre skal bli møtt ut frå sine behov. Å ha nokre kjente ting i barnehagen gjer ofte oppstarten betre for barnet. Derfor kan det være godt for barna om de tek med «Boka om meg» og det som er trygt for barnet, for eksempel bamse, teppe, smokk. «Boka om meg» kan vere til god hjelp for barna om dei blir lei seg og saknar mor og far. Dette er noko vi har god erfaring med og dette hjelper barna med å holde minnet om foreldra når de opplever at dei er langt borte.


Nokre familiar ønskjer å ha med begge foreldra i oppstarten. Dersom dette er eit ønske, kontakt oss og avtal først. På enkelte avdelingar kan det føre til at det blir mange vaksne, noko som igjen kan skape utryggheit for barna.

Målsetting med foreldreaktiv tilvenning:

Oppstarten i barnehagen skal gi barna ei sikker hamn for nære og trygge relasjonar

Foreldreaktiv tilvenning i ei Solsikke

Vi vil forklare foreldreaktiv tilvenning sine ulike punkt i ei solsikke. (Solsikke er eit «symbol» vi brukar i Bergetippen.) Som solsikka viser går dei ulik punkta inn i kvarandre, dette for å synleggjere at det er glidande overgangar og at det eine punktet påverkar det andre.



1. Informasjon til foreldre

- Ulike skriv før oppstart
- I mai-juni blir det arrangert foreldremøte for foreldre til nye barn. Der blir det informasjon om Foreldreaktiv tilknytning og *Tryggleikssirkelen*.

2. Oppstartssamtale

- Barnehagen inviterer til ein samtale før barnet skal starte i barnehagen, slik at begge partar kan førebu seg best mogleg til barnet sin start i barnehagen.

3. Forberede barnet

- Snakke om barnehagen
- Dra på avtalt besøksdag i barnehagen
- Besøke barnehagen og leike ute
- Vise bilde av personalet (barnehagen ordnar med bilde)

4. Foreldre sett av god tid i oppstarten

- For at barna skal få ei god tilknytningstid i barnehagen er det viktig og sette av god tid. For barn under 3 anbefaler vi å sette av fem dagar til oppstarten. For barn over 3 år varierer det, vi ser an barna sitt behov og avtaler med foreldre når vi ser korleis det går.
- La barna få kortare dagar.

5. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom.

- Planlegge oppstarten godt på forhånd
- Personalet skal sette av god tid til skape god tilknytning
- Ha ei god plan for dei barna som fortsett på same avdeling
- La barna få møte nokre faste «ting» som aktivitetar, leiker, songar, bøker
- Bruke «Boka om meg»

6. Foreldre tek aktiv del i barnehagen sine aktivitetar

- Foreldre deltek aktivt i praktiske oppgåver i barnehagen, og har hovudansvaret for barnet i lek, stell og måltid
- Vere tilgjengeleg og i nærleiken av barnet heile tida. Dette gjeld også for barn som fort blir kjend i barnehagen.
- Når barnet begynnar å bli trygg, tilpass kontakten med barnet.
- Om barnet ditt søv eller begynner å bli kjent med tilknytingspersonen er det fint om du tilbyr å hjelpe til med andre ting. Ved å tilby det, kan personalet bruke meir tid på og bli enda betre kjent med dei nye barna, eller personalet og andre foreldre har behov for å snakke saman for å gjere avtalar framover. Det kan for eksempel være: dekke på bordet, koste golv, sette inni og ta ut av oppvaskmaskina.
- Vi ber om foreldre ikkje brukar telefonen. Det er viktig å vere til stede og ha fokuset på barnet. Barna søker foreldre når dei treng støtte til sin utforsking. *Trygghetssirkelen* framhevar at det å følgje med på barna når dei utforskar,

gir barna ein kraft til å fortsette å være nysgjerrig og utforske vidare. Blikket ditt, ditt nærvær, kommentarar du gir viser barnet at det er trygt.

7. Tilknytingsperson

Alle barna i Bergetippen barnehage får ein tilknytingsperson når dei begynner i barnehagen. Det vil seie at ein primær vaksen har det spesielle ansvaret for oppfølging av barnet. Slik sikrar vi at nokon følgjer opp kontakt, kommunikasjon og samspel med kvart enkelt barn. Spesielt er tilknytingspersonen viktig når barnet tek til i barnehagen, som ein trygg person å vende tilbake til når det etter kvart utforskar meir og meir omkring seg.

Tilknytingspersonen er til stades saman med foreldra, og observerer korleis barnet reagerer, og likeins korleis foreldra møter barnet. Etter kvart vert barnet kjend med tilknytingspersonen, og denne overtek meir og meir omsorg for barnet. Foreldra er med, men trekkjer seg litt tilbake. Slik får barnet tryggleik både frå foreldra og tilknytingspersonen. Når behovet for tilknytning er dekt, kan barnet gå vidare i utforsking og leik.

Tilknytingspersonen si hovudoppgåve er:

- å fungere som ei sikker hamn, dvs. ta imot barnet når det har behov for trøyst og omsorg
- å vere ein trygg base for barnet si utforsking, leik og læring.

(Tryggleikssirkelen illustrerer det)

I mange situasjonar kan det vere godt å vite at barnet har sin primære vaksen som følgjer det opp. Det er trygt å vite for foreldra, for barnet sjølv, samt for personalet som skal prøve å sikre at alle barn blir sett og får nær vaksenkontakt kvar dag.

Det er på sikt viktig at barn og foreldre også blir kjent med fleire av personalet, slik at det ikkje blir så sårbart dersom kontaktpersonen er borte. Det er fint å bli kjend med ein vaksen og nokre få andre barn først, og så utvide horisonten etter kvart. Vi bruker *Tryggleikssirkelen* aktivt i dette arbeide.

Det kan oppstå bytte av tilknytingsperson. Dette kan skje om barnet får ein rask og god tilknytning til ein annan i personalet, eller at tilknytingspersonen er sjuk når barnet begynner i barnehagen.

8. Tryggleikssirkelen som pedagogisk verktøy

I arbeidet med å skape gode relasjonar til kvart enkelt barn brukar vi

Tryggleikssirkelen som utgangspunkt. Den synleggjer to grunnleggjande behov hos barnet: behovet for tilknytning og behovet for utforsking.

Tryggleikssirkelen illustrerer korleis dei vaksne kan vise godheit og skape trygghet, korleis dei kan regulere barna sine kjensler og hjelpe til i leik og venskap. Den vaksne fungerer som ein base for trygghet og støtte, noko som motiverer barnet til å utforske omgivnadane. Når barnet treng trøyst, omsorg og nærleik, fungerer den same vaksne som ei sikker hamn.

- Personalet:
 - bruker relasjonskompetanse i møte med barn og foreldre
 - bruker aktivt sin fagkunnskap i dialog med foreldre
 - bruker aktivt *Tryggleikssirkelen* i samspel med barn og i rettleiing av foreldre og personalet
 - bruker foreldra til å tolke og forstå barnet
 - observerer samspel mellom barn-barn, barn- foreldre, barn-personale
- *Foreldreaktiv tilvenning* og *Tryggleikssirkelen* tilpassast til kvart enkelt barn
- I mai-juni blir det arrangert foreldremøte for foreldre til nye barn. Der blir det blant anna informert om *Tryggleikssirkelen*.

9. Evaluering

- Personalet evaluerer kvar enkelt oppstart
- Barnehagen ønskjer at foreldre kjem med tilbakemelding på korleis dei synast oppstarten har vore
- Personalet bruker dei ulike evalueringane og tilbakemeldingane til å gi nye barn ein enda betre oppstart

Ved å bruke *Foreldreaktiv tilvenning* blir dei føresette betre kjend med barnehagen si organisering, og oppnår meir realistiske forventningar og større grad av tryggleik. Det kan få store positive ringverknader for det vidare samarbeidet, noko som igjen fører til større tryggleik for barna.

Informasjon om sove/kvile-rutinar ved oppstart:

Nokre av dei yngste barna søv kanskje to gonger for dag før dei begynner i barnehagen. Dei barna treng ikkje å tilpasse seg til barnehagen si «sovetid» før barnet begynner. Barn som søv ein gong for dag, kan ha behov for å sove to gonger ved oppstart. Og eldre barn som har slutta å sove på dag, kan ha behov for å sove igjen.

Dette tilpassar vi til barna sitt behov, i samråd med foreldre. Vår erfaring er at det er best at barna får sove når dei har behov for det. Å begynne i barnehagen gir mange nye inntrykk som skal fordøyast og enkelte barn har derfor behov for å sove til andre tider. Av erfaring er det viktig å møte barna på det for å unngå at barna blir trøtt og lei seg.

Teieplikt

Alle foreldre har ei etisk teieplikt. Det vil seie at det de ser og høyrer om andre barn eller vaksne, fortel de ikkje vidare til andre.

Bruk av kamera

Ønskjer du å ta bilde av barnet ditt, ikkje ta bilde av andre barn. Vi ber om at foreldre ikkje tek så mykje bilde. Dette på grunn av at barn kan bli forstyrta i si utforsking eller at barnet søker støtte, men så er foreldra opptatt med å ta bilde.

Dag 1:

Ta med:

- «Boka om meg»
- Noko som er trygt for barnet for eksempel bamse, teppe, smokk
- Vogn til å sove i
- Bleier
- Skiftetøy

Dag 1-3:

Foreldre:

- Ha hovudansvaret for barnet
- Være tilgjengeleg og i nærleiken av barnet heile tida.
- Delta aktivt i barnehagekvardagen
- Stelle barnet, sitte saman under måltidet, aktivitetar og lek
- Få informasjon om korleis dagsrytmen i barnehagen fungerer
- Bli litt kjent med personalet samt nokre av dei andre foreldra

Tilknytingsperson:

- Være i nærleiken for å bli kjent med barnet og få moglegheit til å observere det
- Sjå barnet saman med sine foreldre. Det gir informasjon om blant anna barnet sine vanar og måte å kommunisere på, og denne informasjonen vil seinare bidra til at barnet sine kvardagar i barnehagen blir betre
- Bli kjend med barnet sitt behov og informere om barnehagen sine rutinar og innhald.

Dag 4-5:

- Foreldre forlet barnet ei lita stund slik at barnet kan vere aleine saman med tilknytingspersonen.
- Kor lenge ein skal være borte avtalast på forhånd, men husk - alltid tilgjengeleg slik at barnehagen lett kan komme i kontakt.

De første vekene:

- Hent barna tidleg, slik at barna ikkje får så lange dagar. Dette er til det beste for barna.
- Når tilknytninga er etablert, er det meninga at tilknytingspersonen skal fungere som ein trygg base for barnet.
- Barnet kan få en reaksjon to, tre veker etter oppstart når de forstår at HER skal dei faktisk være.
- Det er viktig at du alltid seiar ifrå til barnet om at du går, og ikkje dra avskjeden ut for lenge. På denne måten får barnet tillit til deg. Barnet veit at du går, men også at du kjem tilbake. Det skaper forutsigbarheit for barnet. At barnet ser at foreldra er trygge på dei vaksne i barnehagen, kan gjere det lettare å godta at foreldra forlet barnehagen.

- Kontaktpersonen vil bekrefte barnets følelsar og trøystar barnet, og fortel at du kjem tilbake. Du kan gjerne sende SMS og spørje korleis det går om du er uroleg. Vi svarar når vi har anledning.
- At barnet gret når dei ser foreldra ved henting kan bety at de ikkje er heilt trygge i barnehagen endå. Dei kan held på følelsane sine til foreldra kjem. Det kan være triste følelsar, men også glede.
- Det er mange nye inntrykk for barna ved oppstart. Dette kan gjer at enkelte barn søv kanskje uroleg om natta, eller meir enn dei pleiar, nokre endrar spisevanar, og nokre får kanskje litt vondt i magen. Dette er barnet sin måte å si at det ikkje er heilt komfortable og trygge i den nye situasjonen. Vanlegvis går dette fort over. Nokre barn vil ha behov for lengre tid i oppstartsfasen, mens andre bruker kortare tid. Det er fint om dokker har anledning til å justere lengda på opphaldet i barnehagen etter barnet sitt behov.
- Oppstarten er ofte kort og hektisk. Personalet skal lære mange barn og foreldre å kjenne på kort tid. Det kan være mykje informasjon å fordøye både for barn, foreldre og personale. Vi håper at alle har forståing for dette, slik at perioden blir positiv for alle parter. Det kan være lurt å legge opp til rolege ettermiddagar heime utan aktivitetar i oppstartsfasen. Investering i tid og gode relasjonar med nye barn og foreldre vil være positivt for både barnet i forhold til læring og utvikling, og ikkje minst for det vidare foreldresamarbeidet. Dette vil føre til økt kvalitet på tilbodet til barnet.

Kjelde:

Jåttå barnehage, som har utvikla *Jåttåmodellen*.

Rammeplan for barnehagen